


Fataburen 1976



Fataburen

Nordiska museets och Skansens
årsbok 1976

Fataburen



1976

Nordiska museets och Skansens årsbok

Redaktör: Magne Velure i samarbete med Bengt af Klintberg
och Reimund Kvideland

Pärmens färgbild: Möksuggor utanför ett fönster, akvarell
av Verner Molin. Tapeten är från Nordiska museets samlingar.

Tryckt hos Berlingska Boktryckeriet, Lund 1976
ISBN 91 7108 122 4

Lussi, Tomas og Tollak: tre kalendariske julefigurar.

Brynjulf Alver

Magnus og mongsmøss. Lucia og lussinatt

I dei ytre Midhordlandsbygdene og i Nordhordland vert den 13. desember kalla *mongsmøssnatt*. Dette kan ikkje vera anna enn ei dialektal omforming av *magnusmes-senatt*. Det synest som om namnet har hatt større geografisk frekvens enn no til dags. I eit brev frå Vossevangen frå 1315 heiter det „a Maghnus messo dagh vm varit” (Dipl. Norv. V.61), men i eit anna brev frå same bygdelag frå 1396 høyrer vi om „Magnus messo firir jol” (Dipl. Norv. I.555). I dette området har dei såleis hatt to magnusmes-ser som i Mid- og Nordhordland, og begge har hatt namn etter Magnus Orknøyjarl (1).

Magnusmesse om våren var 16. april, og var til minne om dødsdagen hans i 1115. Dette er elles den einaste magnusmesse som er kjend i diplomatarier og kalendarier frå eldre tid (Storm 1892, 102 f). Dagsnam-net har sett lite merke etter seg i munnleg tradisjon i Noreg for di den fall saman med tredje sommandag, og namnet magnusmes-se har berre vore kjend i yngre tid for di det var dagsnamn i kalenderen.

Magnusmesse før jul må vera 13. desember, som på alle norrøne øyar vart halden heilag som St. Magnus Orknøyjarls trans-lasjonsdag. Dei gamle lovene våre nemner ikkje dagen, og det er ingen munnleg tra-disjon knytt til St. Magnus i det norske mongsmøss-området. Når dagsnamnet del-vis har halde seg i tradisjonen i Vossebyg-dene opp mot vår tid, trass i at lussi-natt-tradisjonen har vore velkjend, har det samanheng med at lussinatt i folkeleg tids-rekning her vart lagt til vintersolkverv tre dagar før jul. Men mongsmøss-namnet har vore sterkt på retur i nyare tid for di det

kolliderer med lussinatt i den offisielle ka-lenderen.

I resten av landet vert dagen kalla *lussi-natt* eller *lussidag* som i dei andre nordiske landa. Somtid vert også det kalendariske namnet *Lucia* nytta, som elles i Europa.

Dagen har fått namn etter helgenen St. Lucia frå Syrakus på Sicilia, som etter legenden om henne leid martyrdøden i-kring år 300(2). Legendene finst i to greske og ei rekkje latinske tekster som stort sett er same versjonen(3). Lucia var kjend som heilagkvinne i Syrakus ikring år 400, og i 597 høyrer vi om eit St. Lucia-kloster der. Likevel står legenden om henne veikt hi-storisk sett, og di meir den kritiske fors-kinga har prøvt å kasta lys over denne mar-tyrinna frå tidleg kristen tid, di meir glir forteljingane om henne ut i det historisk usikre(4). Høgdepunktet i den mellomal-derlege legende-overleveringa om henne finn vi i den avstytta forma i Jacobus de Voragine „Legenda aurea” frå 1200-ta-let(5), som også vart omsett till gammal-norsk(6).

I hovuddraga er legenden så: Lucia høyr-de til ei siciliansk ætt av høg byrd. Mor hennar var alvorleg sjuk, men vart frisk att etter eit under ved den heilage Agathas grav i Catania. Som takk for dette lova Lucia å leva som jomfru heile sitt liv, og gav bort medgifta si. Festarmannen hennar vart vreid over dette, og melde henne til styresmaktene for di ho var kristen. Ho kom for retten, og etter at ho hadde hatt ein diskusjon med dommaren, gav han ordre om at ho skulle førast til eit bordell. Men alt dei streva, syntet seg umogleg å rik-ka Lucia frå staden, trass i at dei let 1 000 mann, dragoksar og trollfolk prøva seg. Så

auste dei bek, harpiks og olje over henne og tente på. Men Lucia vart ikkje skadd. Til slutt fekk dei livet av henne ved å stikka henne med eit sverd.

I ei historie som ikkje er med i „Legenda aurea” vert det sagt at Lucia var ei nonne. Ein heiden friar vart trollbunden av dei vakre augo hennar. Ho reiv då ut augene og sende dei til han på eit fat. I einskilde utformingar fekk ho nye og endå vakrare augo av Jomfru Maria. Desse legendariske forteljingane er truleg frå seinmellomalderen (7).

Ingen av desse legendariske sogene er kjende frå munnleg tradisjon i Norden. Einaste vitnemål om heimleg dyrking av Lucia finn vi i ein sekvens i „Missale Nidrosiense: Laudes debitas deo nostro redam”, som er frå tidleg mellomalder og av norsk opphav (8). Luciadagen var ingen stor festdag i den nordiske katolske kyrkja, og i kyrkjekalendrane har dagen oftast festgraden simplex. Det ser såleis ikkje ut til at den kyrkjelege festdagen fekk nokon særleg innverknad på det profane livet. Større verknad fekk det at Lucia-dagen i den kyrkjelege kalenderen var utgangspunktet for Imbre-dagane før jul, fasta som innleidde vinteren. Dei tre Imbredagane var onsdag, fredag og laurdag etter Luciadagen.

Personnamnet *Lucia* kjenner vi i Noreg først frå 1300-talet. Det vann aldri stor utbreiing, og fekk gjerne forma *Lussi* (9).

Den opphavleg vestsvenske skikken med ei kvitkledd ungjente som med ein krans av tente lys på hovudet gir huslyden kaffi på senga lussimorgonen, er ein ung, borgarleg tradisjon, som har lite og inkje med folkeleg tradisjon å gjera. Først i vår tid har skikken fått si internasjonale spreiding (10), og enda om vi ender og gong finn skikken omtalt i folkeminne-oppskrifter som ligg 30–40 år tilbake i tid, så er det alltid som tilfellelege unntak (11).

Det kan ikkje vera tvil om at den Lucia vi møter i nordisk og mellomeuropeisk tradisjon går ut ifrå ei personifisering av kalenderdagen Lucia, og slik må det også vera med den *Lussi* vi kjenner frå Noreg frå eld-

re tid (12). I det følgjande skal vi herre festa oss med det norske kalender-vettet og den samanheng det syner med annan norsk juletradisjon og jamføra det med tilsvarende svensk.

Lussi og arbeidsforbodet

Lussinatt er i Noreg, som i store delar av Europa elles, karakterisert med ulike arbeidsforbod. Særleg gjeld det baking, brygging og i somme bygder veving og spinning. Det synest å ha vore ein allmenn tradisjon at det grøvste førebuingarbeidet til julehøgtida skulle vera gjort unna då.

Her er det vi møter ei supranormal *Lussi* som kontrollerer at arbeidsforbodet vert halde. Eg skal gje nokre oppskrifter:

„Men verst av alle var nok *Lussi*. – – – Det var ei kona som heldt på baka jolelefsa den kvelden, og det lei ut etter fyrr ho vart ferdig. Den kvelden må ein ikkje hava noko arbeid for seg, og dei åtvare kona, men ho ville ikkje gjeva seg. Utpå kvelden vart det eit felt brak uppå toka. Dei som var med og baka slutta. Dei skyna det var gale, men kjerringa sjølv var trassig og heldt på. Då ropa det ned gjennom pipa: Ingen bryggja, ingen baka, ingen store eldar hava i denne notti! Kjerringi enste det ikkje, og endå ein gong ropa det. Då svara ho: Ja lussa du so du lussa vil, so vil eg lussa mi lefsa fram! Ho skulde nett leggja siste leiven på hella, då hengde *Lussi* rova si ned gjennom pipa og slo kjerringi på armen. Så fælt var slaget at armen vart lam” (Motland 1926, 51 f).

Denne segna er frå Forsand (Rogaland), og er også kjend i granneheradet Høle (Salveson 1924, 100).

„På en Gaard i Helleland var en Mand i færd med at brygge og hans Kone at bage Levser tæt under Julen. I Nærheden boede en Troldkjærring ved Navn Lussi; denne kunde som alle Trolde overhodet ikke lide Forberedelserne til Julehøitiden; hun kom da frem og tiltalte Konen paa følgende Maade: 'Inkje bryggja, inkje бага, inkje store Ella hava!' (Det er nemlig bekjendt, at Bonden, naar han brygger, bruger mere Ved, end han behøver.) Hvorpaa Konen re-



1. Lucia på Skansen 1899. Den moderne Lucia-feiringa er ein borgarleg skikk som har liten samanheng med den eldre folkelege tradisjonen. Foto Nordiska museet etter eit foto av H. Edlund 1899.

solut svarede Troldkjærringen: 'Lussa du kor du kan, æg lussa sjøl mei Levsa fram', hvorpaa Troldkjærringen forbitret svarede Konen: 'Hedlaa itu aa Kjærringjaa i sju aa Armane afi Albuledet!' (Løwold 1895, 72 f).

Frå Fjotland (Vest-Agder) kjenner vi segna berre i stuttform, og vettet har fått hankjønn: „Lussikvelden skulde dei ikkje baka lefsor. Der var eit kvinnfolk som gjorde det likevel. So kom Lussen inn. D'e lusekvellen i kvell! sa han. So svara ho: Lussa du kor du kann! Eg lussa min leiv fram. – So miste ho eine handi si" (Lunde 1924, 63).

På Lista (Vest-Agder) har Lussi fiktiv karakter. Ho „indfinder sig Lille-Julaften, naar Julelefserne bages og siger: Jeg lusser mig ind, jeg lusser mig ind, jeg lusser min Leiv paa Hellen" (Storaker 1921, 119). I Hardanger vert rolla som kontrollør av arbeidsforbodet uttrykt i form av dite: „Lusidagen var og Lussi ute med furdone sine. Sette dei kakor eller brød, vilde kje emni ta seg (Ulv[ik]), og baka dei om kvelden, kom Lussi og skjemde lefsone eller snadda dei te seg (E[idfjord]). Ikkje gjekk det likare um dei brugga denne dagen heller (Kv[am])" (Opedal 1937, 41).

Denne tradisjonen har dominantområde frå Mandal (Vest-Agder) og vestover til søraustre Ryfylke, men kan tilfelleleg også finnast utanom dette området. Materialet har form som segn eller dite. Segnene er ikkje *folketrasegner* i vanleg meining, og Lussi er ikkje eit vette av same kvalitet som hulder og tunkall, men har ein sterkt avgrensa funksjon og funksjonstid som t.d. julesveinane og dei andre kalendariske julefigurane. Tradisjonen er ikkje særlege for anten Lussi eller lussinatt, men er knytt til andre julevette(13) og til andre merkedarar (14).

Vi har minningar om slik tradisjon også frå Sverige. I Ångermanland kunne „Lösse – – – vara aldeles vit och ha en brödspade i var hand" (HA Lucia). Oftast møter vi kalendervettet som barneskremme: „Var snäll, annars kommer Lussegubben och tar dej," sa dei i Västergötland(15), og i særleg grad var han nytta som sanksjon til forbodet mot å vera ute om kvelden. Arbeidsfor-

bodet gjeld særleg maling på kverna(16), somtid med grunngjeving at lussegubben sjølv skulle mala julemjøl den natta(17).

Den dramatiske situasjonen som vi i denne tradisjonen også finn i segnform, ber i seg ein annan realitet enn den hendinga gir uttrykk for. Vi skal hugsa på at ingen vaksen „trudde" att Lussi hengde rova si ned gjennom pipa og slo armen av på dei som baka eller brugga. Lussi må, etter alt det dei fortalde om henne, ha vore fiksjon som ikkje hadde rom i eigenleg *tru*. Vi finn i det heile ingen folketru om henne, ingen memorat. Men tradisjonen hadde ein klår funksjon anten den hadde form av segn eller dite: Den skulle illustrera kor gale det var å neglisjera arbeidsforbodet lussinatt, den skulle hjelpa til med å halda oppe og innprenta kunnskapen om forbodet, og på det viset tena til å halda gammal god skikk ved like. Men tradisjonen fortel ikkje noko om *kvifor* dette arbeidsforbodet var så viktig.

Den lange natta. Lussinatt og solkvern

Over heile landet vert lussinatt karakterisert som *den lange natta*, utan omsyn til kva datering merkedagen har i den folkelege kalenderen. Dette er også tilfelle i mongsmyssområdet. Tradisjonen strekar under dette med att dyra kunne tala den natta, og i ei rad stereotype kalendariske ditar vert det fortalt om korleis dyra karakteriserer natta:

„Lussinatta var den lengste natta i året, mente dyra i fjøset. De snakka nemlig med hverandre den natta, og kua sukka og sa: 'Å, du Lussinatt, du lange!', 'Ja, ho er lang som tre,' sa væren"(18).

I Bø i Telemark heiter det: „Lussinatta beit kua tri gångur i banne sitt: 'Lussinatt den lange!' sa 'o. 'Ho æ lang som to!' sa bekaren. 'Skåmm få hennar, hått ho æ!' sa gjeita. Ho tosse ho blei drug, ho!" (M. Moe 1925, 117).

„Lussinatta vart rekna for den lengste av alle vinternettene," heiter det frå nordre Hålogaland. „Då kunde alle krøtera tala.

2. Detalj av norsk primstav
frå Hedmark, datert 1776
(Norsk Folkemuseum 940).
Teikna i desember står for
følgjande merkedagar: 4.
barbromesse, 13. lussi, 21.
tomasmesse, 25. juledag.
Foto Norsk Folkemuseum.



'Lussinatta ho e lang!' sa sauene. Kua svara
'Lå-å-ng!'" (Hveding 1935, 21).

I Berlevåg (Finnmark) var remsa slik:
„Du natt, du natt, du var lang", sa sauene
(Eidnes 1946, 82).

Enda om førestellinga om den lange nat-
ta eller den lengsta natte synest vera så
sterkt bunden til 13. desember, ligg det lo-
gisk sett nær å tru at dateringa er se-
kundær. Den lengste natte er så langt ifrå
lussinatt. Somme granskarar har tidlegare
peika på at tradisjonen om „lussinatt den
lange" kan vera ei folkeleg avspenging av at
lussinatt ein gong i tida *røyneleg fall saman
med vintersolkverv*. Dette hende på slutten
av 1200-talet ein gong(19). Når lussinatt
såleis kunne gjelda som solkverv, så har
einskilde granskarar frå dette meint å kunne
slutta seg til at folk flest var ukjende med
rette solkvervsdagen, og at folketrua så har
gripe tak i den nærmaste og mest kjende
helgendagen. Dette høyrer lite truleg ut. I
Noreg kunne bøndene før i tida – og kan det
mange stader den dag i dag – fastsetja så å
seia på dagen kor langt året har lide ved å
merkja seg soloppgang og solnedgang sett
frå eit visst punkt i terrenget (20). I dei eld-
ste almanakkane derimot er vintersolkverv
lagt til Lucia. Den eldste norskprenta al-
manakken frå 1644 kallar den 13. desem-
ber den „Lengste Nat oc steckiste Dag", og i
bondepraktikaen, som kviler på lærd tra-
disjon, heiter det:

*S. Barnabæ vigher Solen hen,
S. Lucie kommer hon til, oss igen.*

Det kan såleis vera på lærd grunnlag at
lussinatt allment har knytt til seg tradisjon
som elles er lagt til – og med rette vel
høyrer heime ved vintersolkverv. Over hei-
le landet finn vi tilfang som synest å sanna
dette.

På primstaven vert lussinatt oftast av-
merkt med ein lyster, men stundom med
eld eller lys. Det siste refererer etter alt å
døma til etymologien av dagnamnet Lucia,
og har kome inn i primstavtradisjonen etter
kontinentale førebilete. I „Legenda aurea"
heiter det at „Lucia ist gesprochen ein
Licht" (Benz ed. 1955, 35). Lysteren tyder i
den folkelege norske primstavtradisjonen
at det no er på tide å fiska julefisk. Chris-
ten Jenssøn skriv at dagen vert kalla „S.
Luci, oc da fangis Soel hoff Fisk" (Jenssøn
1646). No syner det seg at dateringa av
lussinatt skifter i tradisjonen. Mest vanleg
er det at den følgjer kalenderen. Men i ei
gammel oppskrift frå Sunnmøre heiter det
at „Luci-laangenat" eller „Lucifer-Natten"
er „Natten før 'Solhovnatta' og er den
lengste Nat før hele Aaret" (Storaker 1921,
59). Mange stader i Hardanger, i Seljord
(Telemark) og i Mandal set dei lussinatt til
tre dagar før jul (21). „Dagane tri og net-
tuna tvi, so længe æ da te jo'læ, sa Lussi
når ho kom" (Opedal 1937, 40). Liknande

ditar som denne frå Eidfjord er kjend frå fleire andre stader i Hardanger, og like eins frå Mandal. På Lista kjem ho veslejulafta, og i Mandal og på Jæren sjølv julafta (22). Utan tvil må denne vinglinga ved identifikasjonen av *kalenderdagar* ha sin grunn i kalendariske tilhøve. Det synest som om innføringa av den gregorianske kalenderen i 1700 gjorde det usikkert kva som var „rette dagen”. Den julianske kalenderens 13. desember svara på den tida til den 25. desember i den gregorianske, og det kan sjølvstapt vera mogleg at overføringa av lussinatt-tradisjonen til jul grunnar seg på dette. I folkeleg tidsrekning kan vi elles merka oss at dei etter kalenderskiftet stendig rekna på dei *gamle* helgedagane, som fall 11 til 14 dagar seinare enn no. *Gamle juledag* var på Vestlandet 5. eller 6. januar, og *gamle nyårsdag* 12. til 13. januar. Nokon *gamle lussinatt* finst ikkje, og ville sjølvstapt ha vore umogleg på grunn av kollisjonen med julekveld og juledag.

Går vi over til tradisjonen kring vintersolkverv, så ser vi at den som rimeleg er mest går ut på at sola „snur” og alt det merkelege som hender då. Oftast vert det sagt at solsnu finn stad ved midnatt. Dette er eit supranormalt tidspunkt. Kyrne snur seg i båsane, horna er lause på krøttera, ølet vil gå „galne vegen” i bryggeketet, alt analogt til at sola „snur”. Mykje av slik tradisjon er lagt til lussinatt også, og ved påverknad frå kristendommen også til midnattstimen julenatt i den stund Kristus vart fødd. Svært vanleg finn vi opplyst at vatnet i bekkar og kjelder vert omskapt til vin, di nest til eiter og så til vatn att just i den augneblinken sola snur solkvervsnatta. Men like ofte er denne tradisjonen lagt til midnattstimen julenatt eller lussinatt. Logisk sett skulle ein sjølvstapt tru at dateringa til solkverv var primær, og i det yngre materialet synest dette også å dominera.

Tidlegare har arbeidsforbodet lussinatt vore nemnd. Slik det vert omtalt i tradisjonen, med særleg vekt på alt som har med kringgang og sning å gjera, skulle ein tru at dette også primært var ein solkvervs-tradisjon. Forbodet så vel lussinatt

som vintersolkverv gjeld først og fremst maling av korn (kvernsteinane som går rundt), baking (leiven som vert snudd), brygging (gjær-kjeraldet som dansar rundt i bryggesåen), spinning osv. Ein sjeldan gong vert denne avgrensinga av arbeidsforbodet utvida til også å femna om arbeid der kringgang ikkje spelar inn, f.eks. vedhogging, veving osv. Men det syner seg også at i all tradisjon som går om arbeidsforbod knytt til visse dagar eller tider, dominerer forbodet mot kringgjerning. Alle andre arbeid spelar minimal rolle i tradisjonen. Her er det ikkje turvande å ta stilling til andre arbeidsforbod enn dei som er knytte til jula og førebuingstida til julehøgtida. Innan det lokale miljøet hadde dei gjerne visse dagar dei skulle ta i ferd med ymse arbeid og faste normer for når det skulle vera ferdig. Kva arbeid det galdt og kva datering det skulle ha var avhengig av lokale tradisjonsmønster. Når det gjeld arbeidsforboda lussinatt var det „naturleg” med forbod mot spinning og veving, og også mot kornmaling og flatbrødbaking. Tida leid så langt at slike grovare førebuingssarbeid skulle vera ferdige no for di det var andre førebuingssarbeid som måtte gjerast nærmare jul og som også måtte ha si tid. Her er det ingen grunn til å hefta seg ved *alle* dei arbeid det galdt forbod mot lussinatt. Just for di denne merkedagen var så dominerande i tradisjonen som innleiing til dei „dyre” eller „sterke” døger, kunne den suga til seg arbeidsforbod som ikkje konstitusjonelt høyrde til dagen.

Men dette gir inga forklaring på *kvifor* lussinatt markerer inngangen til juletida. Frå og med denne natta slepper tradisjonen over heile Sør-Noreg alle slag julevette laus: julesveinar, julegeit, julebukk, julerei og oskorei, just på same måte som Lussi sjølv. Dagen er dessutan markert ikkje berre med arbeidsforbod, men også med forbod mot å vera ute etter at mørket fall på, med innskrenkningar i matbruket osv.

Etter kva eg kan sjå er det berre to tilhøve frå eldre tid som kan ha vorte avgjerande for den kalendarisk så sterkt fikserte innleiingsdagen for juletida.

Det eine er at julefasta i den katolske kyrkja tok utgangspunkt i lussidagen, slik at imbredagane før jul var onsdag, fredag og laurdag etter lussidag. I den eldre Eidsivatings kristenrett heiter det at „ef maðr ettr kiot i langa fastu eða i imbru dagum” skal han bøta tre mark til biskopen (NGL I.384). Breviarium Nidrosiense frå 1519 fastset at imbredagane før jul og i langfasta skal haldast „meth retthom fastemad” (Gjerløw 1962, 362). Her kan grunnlaget for dei ulike forboda liggja.

Imbredagane har levd i norsk tradisjon like til våre dagar. Veka før jul kallast *imbre-*, *immer-*, *emmer-*, *ymbre-* eller *ymreveka*. Tilsvarande har dei *imbreonsdag*, *imbrefredag* og *imbrelaurdag*. Siste laurdag før jul kan også kallast *imbreeftan*, og siste sundag før jul kallast gjerne *imbresundag*. I Vang i Valdres er *imbreeftan* gått over på vesle julafta (NFS Hermundstad 4.165).

På vestkysten av Noreg synest imbredags-tradisjonen å vera sterkast knytt til havlomen (*Colymbus glacialis*), som her vert kalla *embre*, *imbre*, *ymr* osv. I „Den Norske Dictionarium” heiter det om denne fuglen: „Immer/ kaldis et Slags Siøfugle/ Nesten saa store som Gies/ sigis ickun engang om Aaret at sette sin Foed paa Landet/ nemlig udi den Vge for Juel/ huilken derfor aff de gamle Norske er kaldet *Immervecke/ sive Imer* – *vge*. Oc maa same Fugle uden tvil vere *Halcynones sive Isfugle*. Om huilcke der skrifuis/ at de udi de 7 Dage for Soelhuerff/ oc 7 Dage efter/ (huilcke Dage kaldis *Halcynoides*) vdlegges deris Vnger i Haffuet/ lidet større end en Spurre” (Jenssøn 1646, 58). Dei same opplysningane om denne fuglen finn vi i den seinare lærde litteraturen og like eins i den munnlege tradisjonen. „Men embresundag kom ho fram under land og strauk nebben sin på stein”, kan det heita i Vartdal (Møre og Romsdal) (NFS Buset 1a. B8). Også den lærde litteraturen synest byggja på folklege førestellingar: „Det allerfor-underligste er, at, efter alles eens-stemmi-ge Beretning, Immeren aldrig sees at komme til Lands, undtagen i den Uge næst for Jule-Festen, hvoraf ogsaa den fierde

Søndag i Advent her til Lands af Almuen kaldes Immer- eller, efter nogles Udtale, Ømmer-Søndag”, står det i „Det første Forsøg på Norges Naturlige Historie” (Pontoppidan 1753, 131). Berre frå Volda (Møre og Romsdal) er denne tradisjonen knytt saman med arbeidsforbod: „Embren (Ymbra) kjem til lands berre ein gong om året, i embredagane føre jul. Då må ingen spinne, for elles kjem ikkje fuglen seg til lands” (NFS M. Bjørndal 1. 105). Dette, som nærmast kan karakteriserast som ein skjemtande motivaldite, har til oppgåve å innskjerpa arbeidsforbodet på same måte som kalenderditane knytte til lussinatt. I den munnlege tradisjonen finn vi få og veike merke etter fastepåboda. Allment heiter det frå heile landet at ein i tida før jul skulle knipa inn på maten, slik at overfloda høg-tidsdagane skulle vera så mykje meir merkande. Denne rasjonelle, folkelege forklåringa høyrer rimeleg, faktisk meir rimeleg enn å leita etter eit grunnlag i kyrkjelege påbod om faste. Kanskje har vi ei minning etter fastepåboda i kysttradisjonen på Vestlandet om at ein imbersundag skulle eta smalehovud eller nautehovud, for denne dagen var fasta over. Men langt meir rimeleg er det å tenkja seg at denne kjøtmaten var av det simplaste slaget, og at den skulle ein eta siste sundag før jul parallelt til at ein då skulle gå i kvardagsklær. Skitnesundag var ingen helgedag. Då er det lettare tenkjeleg at vi har minne om fastepåboda i primstav-tradisjonen. Lyster-krimsen (i Sverige somtid ein fisk) på primstaven og Christen Jenssøns „Soel hoff Fisk” kan godt ha samanheng med fastematen imberdagane.

I Slidre og Aurdalsbygdene i Valdres får juleskreia, eit omfarande følgje av vette, ofte namn etter imbereftan eller imbersundagen og vert kalla *immerkollo*, *imbørkollo*, *immerfære* eller *im(b)ridn*, for di den „reis-er ut” då.

Det andre tilhøvet som kan ha vore med-verkande til at fikseringa av 13. desember fekk ei så sterk stilling som innleiing til juletida kan liggja i førkristen tid. I den norrøne kalenderen var dette just skiljet

mellom dei to julemånadene *ýlir* og *mor-súgr* eller *jólmánuður* (Beckman 1934, 33). Om dette veit vi likevel så lite at det er uråd å seia noko visst.

Lussi og lussiferda

Der vi finn tradisjonen om Lussi og lussiferda i Noreg, har den stort sett teke over den plassen som julevetta, først og fremst julesveinane (både som vette og som utkledde folk) og juleskreia/ oskoreia, til vanleg har. Vi finn at det er samsvar så vel i form som i funksjon. Men tradisjonen om Lussi/lussiferda er langt meir individuelt skiftande, og utan markerte, kollektive drag.

I Bruvik (Hordaland) var „lussiferdi og jolereidi – det same” (NFS Leiro 5.43). I Suldal (Rogaland) vert *fossareio* og *lus-sifæri* nytta om kvarandre (NFS Delgobe 17.13). I Forsand (Rogaland) vert reia oftast kalla *olgoreio* (t.d. NFS Delgobe 22.2), men også *Lossi* var i bruk, heiter det (NL 31 Signe Espedal). „Lussi-reidi var visst noko paa lag som Olge-reidi”, heiter det også derifrå (Mauland 1928, 116). Frå Valle i Setesdal fortel Johs. Skar: „Lusifæri ha mange Nomn; dei kadda æ Oskoreii ell Staalisfæri ell Lusi-færi – som det høvdi” (Skar 1908, 26).

Ofte kjem Lussi, lussiferd etc. inn i segner og ditar i staden for julerei, oskorei o.l. I Setesdal kan det t.d. heita: „Der, hvor Lucifer med hans Følge afsadler, vil der blive begaaet et Mord. Paa en Gaard i Valle skulde den engang ride saa, at Gryderne skranglede paa Gulvet. Den kastede Sadlen paa et Hus og paa den Gaard blev en Mand dræbt i et Bryllup” (Storaker 1941, 96). Dette er ei vanleg vandrehistorie i oskorei-tradisjonen. I ein versjon av Trond-segna frå Hardanger er Trond leiari for „Lusserne” (Storaker 1921, 158). I området frå Forsand til Sokndal i Rogaland er det vanleg tradisjon at Lussi rir hestane lussinatt, slik at dei om morgonen står dyvåte på stallen (t.d. Forsand: NFS Delgobe 22.2; Bjerkreim: Oos 140 Jørgen Skjæveland; Sokndal: NL 31 Alf Aarstad og Lid 1928, 61). I For-

sand heiter det at „inne i Frafjord hendte det ei natt før jul at Lossi tok hesten hjå ein mann og køyrde eit stort rislass så hesten var drivande gjennomvåt av sveitte” (NL 31 Signe Espedal). Alt dette er motiv som til vanleg er knytt til tradisjonen om juleferdene. Heller ikkje tradisjonen om at reia tek folk med seg vantar tilknytning til Lussi eller lussiferda. Frå Kvam i Hardanger vert det fortalt: „Steine i Kvam er ein stor gard med mange hus i eitt tun. Der for *Lussi* gjennom tunet Lussinatt naar ho skulde aat Kletten (eit fjell) aa henta Bryggjevatt. Raaka ho daa folk ute, so tok ho dei og skamfor dei. Dei fortalde um folk som ho skulde ha teke og kasta upp paa *tro-bolken* i løda” (EFA T. Hannaas 53.13). I Bjerkreim (Rogaland) fortel dei om Lussi at ein „gong tok ho ein mann frå Bjerland; men då han ikkje vilde eta hestalt, hivde ho han i ein risdunge på Steine” (NL 31 W. Heskestad). Same stad heiter det at „det trefte at ho tok med seg folk og slepte dei ned att langt borte” (OoS 140 J. Skjæveland). Johs. Skar har to forteljingar om ei Aashill Fjoshaug frå Valle, som to gonger laut fylgja med lussiferda. Den eine gongen hadde ho vore til Dale, og på heimvegen „kaam Færi sjugandi aa reiste ti Suldal me ’ni”. Den andre gongen „la Færi ti austigienom me ’ni, ivi vidde Heiann. – Kroppen laag nete me Aara som i Uvite” (Skar 1908, 26).

Skildringa av Lussi synest ikkje å vera bygd på traderte førestellingar. Th. S. Haukenæs skriv at ho i Ulvik (Hordaland) var „en styg fæl Kvinde” (Haukenæs 1885, 176). Tjue år seinare gir han same skildringa av henne frå Voss: „en styg fæl Kvinde, der stormed gennem Luften med Ild og Røg og Ødelæggelse i sit Følge” (Haukenæs 1904, 59). Dette er ikkje tradisjon, men skrivebords-fantasi. Likevel vert dette teke oppatt i ei yngre tradisjonssamling frå Hardanger, stadfest til Ulvik og Eidfjord, der det vert sagt at „Lussi sjølv” er „ei gamal, skryti kjeri” (Opedal 1937, 40). Originaloppskriftene til denne samlinga er ikkje tilgjengelege, slik at det er uråd å kontrollera om det likevel skulle vera tradisjon. I Seljord (Telemark) vert ho sagt å

vera „eit ørlite kvende, som styrde Lussiferdi” (K. Flatin 1930, 76), eller „ett slags kvinnfolk, som æ ute nest fyrri jol” (T. Flatin 1922, 27).

I Värmland er Lucia „en horekona, i alla fall ingen fin människa”, „ett spöke efter en elak käring” og „e ogudaktig mänske” (Nilsson og Bergstrand 1955, 79), i Väster-götland „en mörderska och en ond människa” (Bergstrand 1935, 32) og „ett sämre fruntimmer” (Bergstrand 1960, 69). „Om det hänt något galit lusse natt, så sade folk: lussekäringa har la vart ute och gått i natt. Det var ingen god käring” (Bergstrand 1935, 20).

I Askvoll (Sogn og Fjordane) vert ho i ei eldre oppskrift kalla *Lucifæra*, og „skulde væ slekt eit stygt kvindfolk, so bar seg so ryse aat. Dei seie, at dei underjordiske æ henna afkom” (NFS Vonen 3.35). Bak dette skimtar vi saga om Lilith, Adams første kone. Dette ser ut til å ha vore ein meir utbreidd tradisjon i Sverige, der ein finn oppskrifter av Levi Johansson og Louise Hagberg frå Medelpad, Jämtland, Hälsingland og Ångermanland (HA. Lucia). Også i Värmland har tradisjonen vore kjend (Ernvik 1966, 22. Sjå elles Celander 1936 b, 79; Liungman 1944, 9; Sydow 1931, 76). Nær dette står ei forteljing frå Bjerkreim (Rogaland), der „Lossi var eit kvende som tente den vonde. Ho hadde fleire døtrer, Ålgårreie, Grebba Gråtryne, Liva Kvitskjegg og Elbjørg” (OoS 140 J. Skjæveland).

Eit par oppskrifter gir Lussi hekse-attributt, og let henne vera „ridande paa ein sopelime” (K. Flatin 1930, 76 f) eller på „ein sopelime aa ei brouskoru”, som det vert fortalt frå Seljord (T. Flatin 1922, 27). I Eidfjord flaug laget gjennom lufta, „og Lussi for føre og bar ein sovel i eine neven” (Opedal 1937, 40). I ei tvilsam oppskrift frå Granvin i Hardanger vert Lussi utstyrt som ei nasjonalromantisk hulder. Det heiter at „lussifær kom tilfarende i kvindefskikkelse. Hun var foran smukt pyntet, som en hardangerbrud, sølvkrone paa hovedet, sølvsmykker og sølvkjæder i brystet, om livet et sølvbelte og bar rød stak eller kjole. Men bag var lussifær hæsleg og afs-

kyelig; den lignede der nærmest et halvraadent udhullet lindetræ” (Haukenæs 1905, 46). Kanskje er dette å tilskriva forfattaren, men det *kan* vera påverknad frå tradisjonen i Nordhordland, der juleeia som trollkjerring brukar å lokka ungane til seg med sølvsaker. I oppskrifta vert det sagt at „lussifær” lokka til seg ei lita jente, som kom for å sjå den vakre brura. Frå Forsand har vi ei oppskrift med motivet „Letta på rova di” (Simonsuuri 1961 type K 105) knytt til Lussi. I ei rad segner er dette elles knytt til Guro (frå oskoreia) som einskild-vette, men også denne tradisjonskrinsen har lånt motivet frå huldretradisjonen. Det same er rimeleg å tenkja seg med Forsand-versjonen (NL 31 S. Espedal), og det synest ikkje turvande å rekna med at denne oppskrifta har noko som helst samband med dei Guro-segnene som gjer bruk av dette motivet.

Dei få skildringane vi har av *lussiferda* synest alle å vera individuelt utforma av utgjevarane. Eg skal ikkje gå så langt som å dømme dei alle som skrivebordsfantasiar, men det er i høg grad mistenkeleg at vi ikkje har ei einaste oppskrift av slike skildringar i original i manuskriptarkivet på NFS. Alle opplysningane er frå prent, og originaloppskrifter til dei er ikkje tilgjengelege. Dei fleste skildringane er frå Hardanger. Frå Ulvik fortel Th. S. Haukenæs at *lussiferda* var „et farligt tog af flyvende Væsener, midt mellem Drager og Mennesker” (Haukenæs 1885, 176). Frå Kvam skildrar han juleeia etter „endel” forteljarar som „en hel række sorte mænd med lange hale og vinger som en bjørnehud” (Haukenæs 1905, 47). I Opedals form, som han oppgir å vera frå Ulvik, er ferda vorte til „snodige skapnader, mest som drakar eller halvmennesker” (Opedal 1937, 40). Haukenæs har dessutan skildra *lussiferda* frå Voss som „vilde Skikkelser paa gloende Heste og langt flagrende Haar og Skjæg” (Haukenæs 1904, 59). Frå Hardanger har vi dessutan ei merkeleg skildring som synest ha samanheng med det som er referert ovanfor. Her er ”Thrond Husbond for Lussiferden. Denne bestaar af Mænd og Kvin-

der, som fare gjennom Luften paa Heste ved Vintersolhverv, Lussinatt, tredje Nat før Jul. Hestene ere gloende, og Færden farer frem under Bulder og Brag. — — — Hvor den farer frem, tager den noget med sig, Menesker, Dyr, Træer, Stene, Huse, som ofte bliver førte langt bort, inden den slipper dem, og stundom sees de aldrig igjen. — — — Ofte fører den Folk ud paa øde Skjær og Holmer i Havet eller i Fjeldvandene. Og slipper Nogen derfra med Livet, faar han gjerne Vanhelse, bliver 'tusset' og underlig tilsinds, medens Hestene blive sky og vanstridige, og Kjørene melke Blod, kaste Kalven fortidligt og vantrives" (Storaker 1921, 157 f). Denne oppskrifta er klårt litterær, og like lite som dei andre skildringane ovanfor her i samsvar med den kollektive tradisjonen i Hardanger-bygdene. Vi veit ikkje kven som har vore den skriftelege informanten for Storaker i dette tilfelle, men mykje tyder på at det er den samme Haukenæs som er ute og fer også her. I innleiinga til bolken om „Aasgaardsreia, julereien, lussifer og andre juletrold" demonstrerer han at han har lese litt av kvart, og hevdar at „man har tænkt sig" at julereia og lussiferda „har mer en kristelig oprindelse end en hedensk. Man har tænkt sig denne færd at have bestaaet af aander, der ei havde gjort saa meget godt, og at de kunde fortjene himmelen, og ikke saa meget ondt, at de kunde komme til helvede. — — — Deres straf var med forbandelsens og fredløshedens merker i sine pander at ride om til verdens ende" (Haukenæs 1905, 37 f). Utanfor dette Vestlands-området finn vi i Sigdal (Buskerud) ei liknande skildring av lussiferda: „Med det same et menneskje blir fødd, er det sett hå lang tid det skal leva. Kjem det tor verda føre den tida er gått, må det gå att på jorda til tida er til ende. — Lussiferda er ei ferd så slike døde som går att" (Mørch 1932, 41).

Eit par-tre oppskrifter frå Sverige bør nemnast. I Halland vert det fortalt om nokre bønder som møtte „lussefärläktä, som kom farande. Det var hundar och allt slags trolltyg". Men i same bygda vert „lussefär" også skildra som „en väldig flock små va-

relser lika människor" (Celanders 1936 a, 100). I Värmland såg folk når dei titta ut kl. 12 lucianatt „ett långt begravningsfölje. Alla var små, det var 'lussefolk', de bar en liten likkista mellan sig. Det var ett stort följe av 'lusifers släkte'. De marscherade åt norr" (Ernvik 1966, 222).

Som dei attgjevne oppskriftene syner, står lussiferda veikt i norsk tradisjon. Bortsett frå personlege refleksjonar og tildiktingar av tradisjons-utgjevarane, er det ikkje noko som skil lussiferda frå dei juleferdene vi finn i den allmenne tradisjonen i Sør-Noreg. Lussiferda er eit anna namn på desse ferdene, og det er kanskje berre i Hardanger dette namnet har hatt ein viss frekvens (23).

I norsk folketradisjon er det tvilsamt om vi finn nokon assosiasjon mellom Lucifer (djevelen) og lussiferda, slik vi finn det i Sverige. Lydleg er desse namna slående like, men det ser ut til at det berre er oppskrivarar og utgjevarar som har vore ute for slike assosiasjonar. Når Nikka Vonen let „Gamle-Marthe" i Askvoll seia: „I ha vel hort gjete Lucifära; da skulde væ slekt eit stygt kvindfolk" (NFS Vonen 3.35), så har ho knapt nok tenkt seg anna enn at *Lussi* i lussiferda skulle skrivast slik Lucia i kalenderen vart skriven. Alle andre stader vi finn lussiferd skrive *Lucifer* i norsk materiale, gjeld det utgjevarens etymologiske skriveform, kanskje delvis oppskrivarane: „I Søndmøre kaldes Natten ifølge Meddelelser derfra 'Luci-Laangenat' eller 'Lucifer-Natten'. Det er Natten før 'Solhovnatta' og er den længste Nat for hele Aaret. — — — 'Lucifer-Natten' maa de klavebundne Kreaturer faa saa meget Foder, at de ikke 'se at mæ Sidaa' (for Troldskabens Skyld), Søndm. — — — Og denne Nat var, især i gamle Dage, 'Lussi' eller 'Lucifer' ude at vandre. Det er et hemmelighedsfuldt Væsen, som man ikke ret kan blive klog paa; men oftest falder det sammen med den Vonde selv (Mandal)" (Storaker 1921, 59). „Men det er dog især Stor-Julaften (24. December), at 'Lucifer' færdes (Mand.)" (Storaker 1921, 119). „Der, hvor Lucifer med hans Følge afsadler, vil der blive begaaet et

Mord. Paa en Gaard i Valle skulde den engang ride saa, at Gryderne skranglede paa Gulvet. Den kastede Sadlen paa et Hus og paa den Gaard blev en Mand dræbt i et Bryllup. Gjærningsmanden rømte til Finmarken (Sætersdalen)" (Storaker 1941, 96). Dette er alt det materiale ein kan finna frå Noreg, og det er ikkje noko som kan gje grunn til ei nærmare drøfting av ein eventuell samanheng lussiferd-lucifer ut frå norske tradisjonsoppskrifter (24).

Endeleg må det nemnast at Lussi og lussiferda har vore nytta som barneskremsel på same måten som dei hine julevetta. Eit par gonger vert det uttrykt i form av trugsmål: „E de kje snille, kjeme lussifæri å teke diikkå", heiter det frå Valle (NO 62 B. Rike) og Varaldsøy (Opedal 1937, 41). I Ulvik skremde dei ungane med at om dei var seint ute lussikvelden og Lussi fekk tak i dei „kasta ho honom på ein harv som snudde tindane upp og køyrde honom helselaus" (Opedal 1937, 41).

Tilsvarande heiter det i Värmland: „Dagen före lusse var det bäst att vara snäll, – – för om lussenatten kunde lussekärningen komma. Hon var både stygg och farlig. Hon kunde ta barnen med sig" (Nilsson och Bergstrand 1955, 72). I Dalarna var Lucia „en farlig varelse i rovfågelskepnad, som ville äta upp barnen" (Forsslund 1925, 168).

Frå Kvam skriv Haukenæs at lussi-kveld „var det farligt at være ude, særlig for smaabørn; thi dem tog hon og kastede op i de store bryggerkjedlerne sine" (1905, 52). Dette siste er det same som den kollektive Nordhordlandtradisjonen kan fortelja så mykje om, og ikkje anna enn lån frå tradisjonen om juleireia og juleskreia.

Heilt annleis er det med tradisjonen frå Eigersund og Forsand. Frå Eigersund heiter det: „Den tolvte natten før jul kaltes Lossinatten. Da var Lossi og Ragnald på farten. Man satte ut risengrynsgrot til dem under en stor sten eller heller et stykke fra husene. Lossi og Ragnald kom kjørende på en slede, og Skjeggja, som var en gammel bestemor, måtte de alltid hale med. Dombjeller hadde de, så en kunde høre når de

for avsted. Barna var svært redde for å gå ut den kvelden, for da kunde Lossi eller Ragnald ta dem. Hvis man om kvelden eller natten hørte et smell eller ukjent lyd, da trodde man at nu var det nogen som skjøt efter Lossi og Ragnald" (Lid 1928, 61).

Denne pedagogiske barnefiksjonen syner mest å ha lånt drag frå julesveinane, og frå dei og frå julebukkane må også ein liknande tradisjon frå Forsand ha lånt fleire drag. Til Norsk Etnologisk Gransking (NEG) har følgjande oppskrift kome inn: „Etter Lussinotti, St. Luciadag 11. desember, var ingen trygge på julesveinane. Dei var alle stader framme på garden, både ute og inne, og då serleg i fjøs og loda. For born var det helst spelegt å vera ute om kveldane etter den tid. 'Lussiå' vart til eit skræmsle for ungar, eit uhyre, som likna på eit uhorveleg stort kvinnfolk, som fór med skrymt mellom hus og gardar. Jolesveinane var meir godslege som fór med moro og gapri, og gjorde godt eller ugagn etter som dei vart stella med. Det var vanleg skikk at einkvan kledde seg ut og gjekk 'Lussi' den kvelden. Bestemor mi kunde minnst dei gjekk Lussi og korleis dei kledde seg ut. Ho var fødd 1831. Sjølv kan ikkje eg minnst henne, men mor fortalde etter henni. – – – Ho minnst dette uhyre gjekk ute på tunet i måneskinet – og ho minnst det beit etter graset på eit torvtukt hustak. – – – Dei stader der det var born i eit hus kunde dei verta reint vitskræmde og tullete av redsla. Difor gjekk skikkane meir og meir av bruk etterkvart" (Weiser-Aall 1954, 32).

Skildringa av Lussi i desse to forteljingane kan minna om det dei kan fortelja om juleireia i Nordhordlands-tradisjonen. Ho er her ei stor, fæl kjerring som kjem or berget mongsmøssnatta, og vert nytta m.a. som sanksjon for ulike påbod og forbod. Men det er lite truleg at vi har med ein tradert samanheng mellom dei to områda å gjera. Meir rimeleg er det å sjå den sørlege tradisjonen som lokale utformingar av europeiske skikkar med utkledd og maskerte følgje av folk som dreg kringom i lokalsamfunnet anten før eller etter jul. Dette gjeld anten det er tale om supranormale skapnader i



3. Lussegubbar. Foto frå 1920-talet i Västergötlands museum.



4. „Lussi” t.v. på teikninga. „Ein av dei største drengene kledde seg ut i den største stakken han kunne få tak i. --- Over hovudet spente han ein treklave som det var fastgjort eit bukkehorn og eit verahorn i.” Foto etter Weiser-Aall 1954, s. 33.

segner og ditar eller det rører seg om utkledd folk.

No var denne tradisjonen sterkt utviska i Noreg på den tid desse oppskriftene vart gjorde. Langt betre heldt den seg i Sverige, særleg i Småland, Västergötland, Värmland og Dalarna. Nokre døme skal gjevast:

„Lussegubber springa omkring och skrämma folk såväl i Nydala som Vrigstad. De spela också och sjunga i husen och få då pengar eller kaffe och kakor. De äro hemskt klädda med masker (skräpuka-ansikten) för ansiktet” (Småland: EU 2560).

„Kvällen före lusse gick en del ikring utklädda. Det var Lucia och Lussen och deras barn. Lucia och Lussen var så uselt klädda som det stod till. De skulle ha fägnad – de fick lussekakor i stugorna. – Lussefärd talte de om – det var att de skulle färdas till andra ställen. Jag har inte hört att onda väsen var ute den natten” (Västergötland: Bergstrand 1960, 65).

„Somliga kläddes ut på det mest anskrämliga sätt med horn i pannan och på knäna, långa svansar och hela ansiktet hårbeklätt. Fanns någon gammal päls, vändes hårsidan utåt. Tagel av hästar och kor användes som extra prydnad var det passade sig. De kallades lussegubbar och skulle troligtvis föreställa kopior av Horn-Per” (Västergötland: Bergstrand 1935, 30).

„Kl. 4 på morgonen 'älva dar före julaf-ton' gick två Lussiner omkring i röd långhättad och getskinn, som bands om halsen och hängde fram över armarna; de hade också en halmkärve om halsen. Folk brukade löpa efter dem och dra dem i kjolarna och fråga, om de var bock eller get. De skulle ha 'Lussebit' – en fläskbit och ett stycke gott bröd – för att de inte skulle ta barnen” (Dalarna: Forsslund 1925, 168).

Utan tvil har vettet Lussi namnet sitt frå kalenderdagen Lucia, som i andre land. Det er ikkje uvanleg at dagsnamna i kalenderen vert personifiserte, vi har fleire døme på det i norsk tradisjon. Desse „kalender-vetta” vert gjerne kombinerte med kalenderiske ditar, som dette dømet frå Telemarks-tradisjonen på 1700-talet:

November, St. Katarina: *Kari med Rokken*. „Hun spinder Lyse-veger (Liose-Rakir) til Juul.” 17. mars, anten etter Petrus marty 18. mars eller Perpetua & Felicitas 7. mars: *Pær-Pek i Vatten*. „Han kommer for at prøve, Om Isene ere stærke.” 10. juli, Kong Knut og 12. juli (25): *Knud med Li-aaen* og *Kari med Riva*: „Knud slog en Dag, förend Kari kom efter med Riva.” 25. juli, St. Jakob: *Jakob Vaathat*, kommer og pisser på Humlen” (Wille 1786).

Dei eldre oppskriftene om primstav og merkedagar nemner aldri den folkelege personifiseringa av Lucia. Sjølv sagt skal ein vera varsam med å slutta ex silentio når ein arbeider med eit materiale som vi berre har tilfellelege opplysningar om. Men det er ikkje noko som talar for at Lussi har gammal rot i norsk tradisjon. I dei fleste tilfelle har ho lånt seg inn i ein tradisjon som var veletablert på førehand. Ho vart berre ein av dei mange supranormale skapnadene som steig fram den kvelden, og ho har ikkje hatt lett for å få rom i tradisjonen mellom alle dei andre juleskapnadene som hadde ein lang tradisjonsvokster bak seg og som kunne halda seg levande for di dei hadde markerte funksjonar i førebuingstida til julefesten. Berre på eitt område synest ho å ha fått ein primærtradisjon i visse avgrensa geografiske område, nemleg som vaktar av arbeidsforbodet lussinatt, og då særleg knytt til forbodet mot baking, i Sverige maling. „Ho var leid til å koma inn når folk baka jolelefse og tusta til lefsene på bordet og på hella”, heiter det i ein dite frå Herad i Vest-Agder (NL 31 A. Høyland).

Lussiferda har derimot ingen primærtradisjon, men er eit intrusivt fenomen i førestellingane om juleferdene. Ut frå norsk materiale synest det heller ikkje å vera noko grunnlag for å tru at den norske lussiferda har noko tradert samband med „lussefärden” i Halland eller dei andre svenske Lucia/lussefigurane.

Nærmast ligg det å jamføra namnet med dei andre formene av juleferder som har *-ferd* som sistelekk i namnet: *stälisferda* i Setesdal, *immerferda* i Valdres og *gongferda* i Nordland. Allment kalte ein gjerne dei

ulike følgjene av julevette for *ferdene*, medan dei kvar for seg hadde sine særnamn. I dette området der vi finn lussiferda, har desse ferdene gjerne *-rei* eller *-skrei* som sistelekk i namnet. Vi står såleis ikkje ovafor nokon kollektiv tradisjon som har hatt evna til å spreia seg. Så spreidde, ulike og tilfellelege som vi finn opplysningane om lussiferda i Noreg, har vi grunn til å tru at dei representerer individuelle påfunn eller isolerte lokaltradisjonar.

Lucia og med henne Lussi og lussiferda kom inn i norsk tradisjon for di ho hadde 13. desember som minnedag. Når ho – og først og fremst dagen hennar – kunne få ei så sterk stilling i nordisk tradisjon trass i at 13. desember ikkje var ein kyrkjedag som gjorde inngrep i det folkelege festlivet, har ein grunn til å gå ut ifrå at dagen alt tidlegare var fiksert i folkeleg tidsrekning som innleiing til julehøgtida.

Tomas og Tollak

Nærmare jul finn vi to andre kalendariske julefigurar: Tomas og Tollak, som ofte har same funksjon og stort sett får dei same uttrycksformene i tradisjonen.

Tomas som julefigur er ei personifisering av kalendernamnet for 21. desember, translasjonsdagen for apostelen Thomas eller „den vantrune Tomas”, som han ofte og populært vert kalla. Over heile Europa er tomasdagen ein viktig merkedag med ein rik og vidspreidd tradisjon knytt til seg. Ingen stad synest denne tradisjonen å ha relasjonar til apostelsoga, men høyrer mest saman med solkverv-tradisjonen med dei forbod og påbod som der „naturleg” høyrer heime (26). I Norden er det særleg i Noreg og Sverige vi finn mykje tradisjon knytt til merkedagen *tomasmesse* (27). Ei medverkande årsak til at Tomas vart så populær her, har kanskje vore at *namnet* var knytt til ein annan dag i jula òg, kalenderdagen Tomas erkebiskop den 29. desember, dødsdagen til erkebiskop Thomas Becket av Canterbury, drepen år 1170. Han er ikkje å finna anten i tradisjonen om merkedagar eller om primstaven i Noreg. Det kan heller

ikkje ha vore mogleg å halda to tomasdagar frå einannan om dei låg så tett, og all tradisjon er knytt til den første av desse kalenderdagane, for di den som merkedag for juleførebuingane var den viktigaste.

I den eldre merkedagstradisjonen knytt til primstaven i Noreg er Tomas alltid knytt til ølbrygging. Christen Jenssøn skriv i si primstavforklaring frå Askvoll frå 1646 at den 9. dag etter lussinatt „kommer Tommis med Bøtten/ oc gifuer Malt Vatn til Juel.” På primstaven hans har tomasmessa ei bøtte som krims, og den kjem åtte dagar etter lussinatt. I de Fines opplysningar til primstaven frå Rogaland, som delvis er avhengige av Christen Jenssøn, heiter det at den niande dag etter lussinatt „indfalter Ste. Thomæ-dag, da Thomas og Tollach de brygger til Juul” (de Fine 1952, 26). Ei anna 1700-talsopplysning er frå Seljord: „Thomas Brygger eller Thomas Fuldtonde. Da fyltes Øllet paa Tønderne, og da foer Folk om for at smage paa Thomas Bryggers Øl, hvilket de kaldte *Immerun*, og Ruset, som de da toge sig, kaldtes *Skakubollen*. Et Jevndøger derefter spronste de Tønderne, da de atter toge sig et Ruus, kaldet *Sponse-Drykien*, for at probere, om Tønden var vel spronset. Af denne Drikken har fierde Søndag i Adventt faaet Navn af *Immer-Søndagen*, og Ugen for Juul, *Immer-Viko*” (Wille 1786, 241). Desse tre forfattarane har vore kjelde for dei fleste eldre skildringane av primstavtradisjonen, såleis for dei opplysningane vi finn i „Det norske Skillingsmagazin for 1836” nr. 66–70 og i eit par årgangar av Norsk Folke-Kalender (Munch 1848 og 1859). Derimot finn vi nye opplysningar som interesserer i ei anonym oppskrift frå 1700-talet som L. Daae let prenta (Norden 1867, 209). Her står det i tilknytning til 21. desember: „Da kommer Thomas, sagde de Gamle, i Solhvervene med Julevatn te godt Drikke; thi før Thomas og Solhvervene maatte Juleøl ikke brygges, og den gemene Mand er meget for ferskt Øl i Julen, som de sige, giver friskt Blod.” Dei fleste yngre oppskriftene er mindre konsise, og fortel berre at merkedagen vart kalla *Tomas bruggar*, *Tomas med*

tønna o.l. I ei oppskrift frå Odda i Hardanger heiter det: „Tomasdagen (21. desbr.) nemnde sume Tomas Bruggaren. Denne dagen gjekk ein mann med dette namnet ikring og bad seg etter joleøl” (Opedal 1934, 29). Denne siste oppskrifta synest å ymta frampå om at tomassmessedagen har med oppskoka og skakedrykken å gjera, slik Willes oppskrift beinveges fortel. Frå Vestlandet og nordover er denne skikken oftast knytt til tollesmesse. Bortsett frå personifiseringa av merkedagsnamnet finn vi likevel somtid at Tomas går inn i skjemtande ditar. I ei oppskrift frå Bø (Telemark) frå 1880-åra heiter det at „når dom har bryggja, sku Tåmmås kåmmå mæ tappen te tunna. Men når dæ va fyllt på øle, å kommen sylltre att kjellaren, så 'jågå dom Tåmmås or kjellaren'” (Moe 1925, 117).

Denne kalender-tradisjonen som dite eller metafor kan vi jamføra med dei metaforiske nemningane *lefse-tøyren* og *kakelinna* for linnversperioden ein ventar rett før jul. Også her har vi i vår tid fått personifiseringar. I Oslo er t.d. ordet *kakelinna* uskjøneleg for småborn for di dei ikkje kjenner substantivet *linne*, som vel elles er eit sjeldsynt ord. Dei assosierer det med kvinnenamnet *Lina*, og kan då tala om *Kake-Lina*, som dei set i samband med julebakinga som går føre seg just då og som dei gjerne får vera med på.

I Oslo-forretningane finst ikkje nokon brød- eller kakevare med namn *Lina*, men ei gammaldags bakstekjerring vert ofte nytta som reklame for julebakst eller for eldre brødtypar for å illustrera samanhengen med tradisjonen. Kanskje har slike reklamebilete somtid vore kimen som har sett denne personifiserings-prosessen i gang. I andre tilfelle har reklamen beinveges introdusert ei personifisering av eit ord med dobbeltyding som er lite kjend av born i byane. Ein flatbrødfabrikk har personifisert ordet *flatbrødleiv* til „Flatbrød-Leiv”, og dette har i alle fall til visse tider vore svært populært mellom ungane i Bergen og Oslo. Men berre dei færraste av ungane har aning om kva ein *flatbrødleiv* eigenleg er.

Kalenderfiguren Tomas er også knytt til vedhogging. I Bø (Telemark) fortel dei t.d.: „Det var ein gamall skikk, det, at til jul skulde vedaskjolet vera fullt av ved. Daga-ne fyre jul stod ein mann paa høggekubben og hadde full sjau med aa fylle skjolet. Kom det daa nokon tilgards, reiste dei ofte burt til skjolet og slo ein prat med vedahøgga-ren. Var det mykje ved i skjolet, plaga dei ofte aa seia: 'Ska du jaagaa Taamaas naa?', 'Du jaagaa Taamaas naa', ell. likn.” (Nordbø 1921, 38). „Å jaga Tomas” er ein klår parallell til skjemtefiksjonen „å jaga Smalhans”. Vart vedskjolet fullt med ved, skulle dei ikkje frysa i jula. Dette skulle vera gjort innan tomasmessedagen var til ende, og greidde dei det, jaga dei Tomas.

Slik tradisjon knytt til juleveden har særleg vore kjend i Vestfold. I Sandar heiter det: „Før jul maatte man være flittig at hugge ved, saa ikke 'Tomas kom paa stabben'. Man maatte hugge ved saa man havde til over Hellig-Trekonger” (NFS K. Bugge 7.93). I Sem sa dei: „Om julæftas måræn sku dem tili opp, får elle kām n Tåmmæs te å sitje på stæbben. Da sku dām ut å haugge ve så dām hadde heile jula” (NFS A. B. Larsen jr. 21.8), liknande heiter det i Ramnes (NFS K. Bugge 7.93). I Borre heiter det at om „ikke juleveden var hugget til Tomasdagen, kom Tommes og gjorde sit fornødne paa huggestabben og paa økse-skaftet” (NFS K. Bugge 7.93).

Slike skjemtande fiksjonar må ein nærmast jamføra med tilsvarande „straffer” som vart dei til del som ikkje vart ferdige med juleveden. I Sogndal (Sogn og Fjordane) sa dei t.d. at om ikkje alle vedhjellar var fylte til jul, „kom joleskreidi og sette seg der” (NFS Bondevik 1.16). I Sund (Hordaland) kom „jolesveiden” og sette seg i stovevaglane om dei ikkje var fylte med tyrirot før jul (NL 31 H. Tveit). Frå Brønnøy og Vefsn heiter det: „Den som ikkje ha ved nok for heile jula, han laut sitje på skott-taket natt til trettanhelga” (NFS Strompdal 4.75 og 8.119).

Alt dette var *skjemt*, enda om også skjemten kan vera alvorleg nok i eit samfunn som nyttar skjemten som straff mot individ

som ikkje vil eller kan oppfylle dei pliktene kollektivet legg på dei. Alle hadde sine oppgåver i førebuingstida, og alle måtte løysa desse oppgåvene om jula skulle verta det høgdepunktet alle ville den skulle vera. Det galdt å bli ferdig til jul, og det var „skam” ikkje å verta det. Bak desse fiktive formuleringane ligg det inga „tru”(28), og dei dekkjer ingen realitet i form av gamle ritar. Vi har eit vidt spektrum av slike skjemtande trugsmål knytt til juletida og juleførebuinga. I Saltdal (Nordland) sa dei t.d. at budeia skulle på fjøstaket og drengen på nausttaket om dei ikkje skaffa mjølk og lutefisk til jul (NFS Edvardsen 29). „Alt arbeid dei hadde teke til med fyrr jol, t.d. spøting, veving og spinning måtte vera ferdig, elles kom jolesveiden i det og det kunne ha sine fylgjor”, heiter det i Sund i Hordaland (NL 31 H. Tveit). Desse skjemtande trugsmåla som galdt førebuingarbeidet i jula vart i realiteten aldri sett i røyndom, for di dei som hadde „trugsmåla” hangande over hovudet sjølvsagt på alle vis sytte for att oppgåvene dei var pålagde vart løyste. Oppgåvene måtte løysast om julehøgtida skulle verta slik gammal skikk kravde det. Difor får vi aldri forteljingar om at Tomas røyneleg kom for å minna folk om brygging og vedhogging tomasmessetider. Til dette kjem at kontrollvetta oftast grip inn for å stadfesta forbod, og langt sjeldnare påbod. I det same området der Tomas er knytt til vedhogging gjeld det forbod mot baking tomasmesse, noko som vel har samanheng med solkvervtradisjonen. Men berre ein einskild gong møter vi Tomas her. I Sandar (Vestfold) vart det fortald: „Naar man bakte julebaksten, blev en kake lagt av til *Tommes* (Tomas). Denne kake blev, før man spiste til øgt (kl. 5) om *julekvelden*, lagt op til *Tommes* paa en hyld i stuen” (NFS K. Bugge 7.93).

Endeleg møter vi ei personifisering av Tomas som den som kjem med jula:

„*Tomas kinn
jaga jolæ inn.*”

Daa for 'an runnt i kvar kronæ i adde hus, di kunne høyre kór han duna”, heiter det i

Fjotland i Vest-Agder (Lunde 1924, 62). I store delar av Vestfold, t.d. i Tjølling, Brunlanes, Sandar, Hedrum, Ramnes o.f. st. seier dei at „Tomas bringer jula, og Knut jager jula ut” (NFS K. Bugge 7.91). Grunnlaget for denne Tomas som „bringer jula” kan vi berre finna i ei avspegling av at julefreden i Noreg tok til tomasmessedagen, og vara i tre veker (sjå t.d. NGL II.349). Føresegnene om dette stod ved lag enno i det 16. hundreåret, og har levd vidare i tradisjonen opp mot vår tid.

I europeisk tradisjon elles er tomasmessa gjerne knytt til vintersolkverv med arbeidsforbod og arbeidspåbod. Her møter vi somtid ei personifisering av kalenderdagsnamnet. I vendisk tradisjon gjeld det forbod mot spinning den dagen, og dersom ein kvan skulle bryta forbodet kjem Thomas „und schmeisst eine Mulde voll Därme in die Stube” (Schulenburg 1882, 126). I Estland måtte ein ikkje bryggja då, for di „der schwarze Th(omas) im Küven sass und das ganze Gebräu zu Schanden gemacht hätte”. I einskilde område i Böhmen kører Thomas ikring i ei logande vogn om tomasmessenatta (Satori 1936–37, sp. 764 og 767). I Västergötland måtte dei ikkje bryggja eller mala ved tomasmesse, for då kom *tummesgubben*, *Tummas* eller *tummesmässegubben* og hemnde seg eikorleis (Bergstrand 1943, 76 f). Rundt om i europeisk tradisjon finn vi mange fleire døme på slik personifisering av dagsnamnet Tomas. Men ikkje ein einaste gong synest det vera grunn til å rekna med nokon tradert samanheng med parallelle fenomen i norske oppskrifter, slik at vi må rekna med at personifiseringa og den tradisjon som heng saman med den i kvart område har kome opp som sjølvstendige kalenderfiksjonar.

Tollak som julefigur er ei personifisering av kalendernamnet for 23. desember, minnedag for biskop þorlák helgi þorhallsson til Skálholt (1139–99)(29). Merkedagen vert gjerne kalla *torlaksmesse*, *tollakmøss* eller *todlamøss*. Julefiguren *Tollak* er berre kjend frå Rogaland, i ein viss monn også i søre Hordaland og i Nordland. I Rogaland gjekk han inn i eit rim som skulle minna

ungane om at no var det stutt tid til julafta:

*Todlag spole,
nott og dag te jole*

kan det heita (Oos 140 – Forsand; Mauland 1931, 130). Frå Jæren har vi denne varianten (NFS Ross 10/12.60 og 66):

*Naa kjæm 'an Todlak Spole,
Naat aa dag te jole,
Aa saa mæ lagaskaalo øve hove.*

I Rogaland var Tollak også vanleg som barneskremsel. Slik vert det fortald frå Sjernarøy: „Men de va' to andre trødl, Ivar Job å Tollak Spole så for ikring – helste føre jul. Dei va' ette ukjerne ùngar. Dei kom farane ned skorsteinspipò å tok den ungjen dei sku ha tak i, å så tok dei på veg gjønò luftò me' han te hòlò si. Der laut han eta på hestelort i julaheljò” (NL 31 A. Hauge).

Frå Ognå (Nord Trøndelag) heiter det: „Etter Lussinatt tok dei til å koma utyske som ferdast ute um kveldane og nettene. Serleg var det jolegeiti. – – Då Torlaks-messa kom vart han *Torlak Spole* og med i leiken. Då var det reint eit vågespel å gå langt frå heimen. Borni kom ikkje ut-um døri etter det var vorte myrkt den tidi.” I Time (Rogaland) sa dei om *Tollak Spole* at han „kom reisande ned skorsteinspipa med spolerokken og vilde ha tak i uskikkelege born” (Lid 1928, 60).

No har vi alt for få opplysningar om denne Tollak Spole til at vi kan avgjera kva primærfunksjon han har hatt. Spole kan godt berre vera rimord til jole, og vi har ingen opplysningar som fortel noko om Tollak med spolerokken skulle ha noko med forbod mot spinning den dagen å gjera. I Høgsfjord (Rogaland) skremde dei dessutan borna med „Tollak med landbyttò”, som vel er ei omgjing av „Tollak med lagabyttò”, som vi no skal koma til.

Tollak (Todlak, Todleiv) med lagabøtto høyrer heime i Ryfylke og Karmsund (Rogaland), og vert nytta analogt med *Tomas med bøtta* osv. som metafor om den linnversbolken ein venta seg like før jul. „Naar det fraus ønsket dei Tollak kom med laga-

byttò saa det blev mildt vedr. 'Han kom med lagabyttò ligavel' het det naar regnet indfandt sig”, heiter det t.d. i Høgsfjord (NFS Delgobe 22.3). Lagabøtto kjem frå *log* f., noaord for øl, og tollaksmessekvelden var det vanleg å gå med skakedrykk, dvs. lata grannane smaka på det nye juleølet. I fleire oppskrifter frå grensa mellom dei klangføre og dei klangause konsonantane i norske målføre har dei omtydd *loga-* til *laka-*: „No æ han Todlak ute med laka-bøtta si”, kunne dei t.d. seia i Avaldsnes (Leem 1923, 218). I Røldal, som ofte har tradisjonsfelleskap med Nord-Rogaland, fortel dei: „Kvel-len før julaften gik 'Tollak med lakabyttò' forbi hver mands hus med en bøtte lake og traf han noen utendørs skvette han lake på ham” (NFS Delgobe 11.22; jfr. også Delgobe 1919). I Rennesøy var „Tollak med lakabøtta” ute julaftanskvelden. „Han maate altid faa slikke tvaara, dei hadde rørt jole-grauten med” (NL 31 H. Galta). I Nærbø kunne Tollak vera eit menneske „som fekk den æra å vera skjenkjar i joli.” Og skjenkjar vart den som reis først tollesmessdagen (Lid 1928, 128).

Også i Nordland er Tollak knytt til ølet. Frå Nord-Salten heiter der: „Tett fyre jol vart det gjerne regn. Det var han Torlak (Torleiv) som bryggja til jol. 'Det var underleg um ikkje han Torlak skulde bryggja til jul i år og', sa dei gamle, når dei venta regn fram 'pund' jola” (Hveding 1935, 21). Kom det einkvan på vitjing tollesmessdagen skulle han få smaka på juleølet, heiter det i Velfjord, og i Nordsømna var det vanleg å fara ikring den dagen og smaka på juleølet hjå grannane (Strompdal 1929, 107).

Merknader

- 1 Sjå Bull 1912, 228 ff; Daae 1879, 204 ff og Magnussen 1836, 358 f.
- 2 Wimmer 1959, 325.
- 3 Gad 1961, s. 219.
- 4 Kretzenbacher 1959, 12 f.
- 5 Her er nytta den tyske omsetjinga ved Richard Benz, tynnpapirutgåva, Heidelberg 1955.

- 6 Unger ed. 1877, 433 ff.
- 7 Gad 1961, 222; Kretzenbacher 1959, 14 f. I den europeiske religiøse mellomalder-kunsten vert Lucia somtid framstilt med to auge på eit fat. Slike framstillingar er alle frå sein-mellomalderen.
- 8 Foss ed. 1949, 93 f, 149 f.
- 9 Janzén 1948, 143 f. I Hardanger synest namnet ikkje å ha vore kjend før på 1700-talet (Olafsen 1915, 111). Aam. K. Bu har peika på at personnamnet Lussi har samsvar med målføret. I Kinsarvik nyttar dei *lussa* f. og *lusse* m. i tydingar stutt, brei, lubben. „Det var ei heil lussa”, kunne dei seia om ei breivoren, velvaksen jente (Haugesunds Dagblad 28/12 1940). Ordet finst ikkje i Opedals Hardanger-målet 1960, men opplysningane frå Bu er truleg rette. Dei har samsvar i Valle i Setesdal, der Lussi vert nytta som tilnamn eller karakteriserande namn på „liden tyk Person” (Skar 1908, 39). Somtid vert namnet nytta i stev og rim. Det er huldrenamn i ein huldreløkk frå Sunnmøre (Støylen 1899, 48) og finst i slåttetestev frå Telemark. I Rauland heiter det (Berge 1904, 191):
*Fenaste guten leika mæ Lussi
torde kje enn fe Lussi va drukkji.*
Stevet er også kjend i Seljord (Flatin 1922, 27) med følgjande forklaring: „Lussi æ eit slags kvinnfolk, som æ ute nest fyrri jol aa rir paa ein sopelime aa ei brouskoru. — — Dæ æ et slaatterim ou, der Lussi æ nevnd.” Truleg er det oppskrivaren som har kombinert Lussi i slåttetestevet og Lussi i juletradisjonen. I mest same form er rimet knytt til ei huldre-segn frå Valle (Skar 1908, 39).
- 10 Det har vakse fram ein rik litteratur om Lucia og Lussi (t.d. Hammarstedt 1900, Celander 1936 b, Liungman 1944, Mc Lennan 1938, Rehnberg 1950; sjå elles litteraturlista i Celander 1965). Spreiinga av den moderne Luciatradisjonen er enno ikkje granska i detalj, men i all hovudsak synest den å ha gått føre seg i tida etter den andre verdskrigen. I Noreg har spreinga særleg gått via jule-reklamen i dei større byane. Denne forma for Lucia-tradisjon har søge til seg element frå så vel misse-konkurransar som frå amerikanske bil-„parades”. Også i skolane og heimane vinn skikken inn og den er sterkt ekspansiv.
- 11 I Solør (Hedmark) heiter det: „Lussibrura før da rundt i gardane med ei matkorg og spanderte og skjenkte kvar ho før. So song dei: 'Lussi lilla, Lussi lilla, elleve netter føre jul.' Men det var helst på svenskesida dei før med det” (NFS Skirbekk 1.46). Verset er kjend i Värmland, m.a. i oppskrift av G. Berg 1922 frå Dalby sokn (HA Lucia). Frå byen Kirkenes (Finnmark) heiter det: „Om morgonen lussidagen skal ei dotter i huset bere kaffi på senga til dei andre. Da skal ho vere kledd i kvit, sid kjole, og på hovudet skal ho ha ein blomsterkrans med 13 lys” (Eidnes 1946, 83). I denne oppskrifta får ein inntrykk av at skikken var allmenn. Det var den ikkje i Kirkenes på den tida. Oppskrifta er gjord av ein skoleelev, og det er usikkert om opplysningane hans gjeld norsk eller svensk tradisjon. Oppskrifta er frå 1930-åra.
- 12 Sjå Liungman 1944, 4 ff og Kretzenbacher 1959, 48 ff.
- 13 Frå Klepp på Jæren heiter det t.d. (NFS Hans Ross 10/12.66): „Aalgaareio kjøre paa jennsle'e ell jennkjerra i julaa aa seie:
*Inkje bryggja de aa inkje бага de
Aa ingjo store ella hava de
Ho ho, smørambaren datt oppi bekkjen.”*
- 14 I Seljord (Telemark) heiter det: „Da den ene Naboe saae engang, at den anden vilde ut at kjøre, raabte han til ham: 'Veed du ikke, at det er Brætte-Mesdagen i Dag, du maae ikke kjøre; thi ellers bliver du ulykkelig'; men den anden svarede: 'Brætte mig hid og brætte mig did, saa vil jag brætte mig hjem et Høelæs', hvorpaa han reiste; men underveis brækkede Hesten sin Fod af” (Wille 1786, 242 f). Frå Hjartdal (Telemark) har vi ei tilsvarande oppskrift (NFS L. Lid 2.11): „Ein mann førde ('reidde') Syftesok, det var endaa til ein fredag. Det skulde han ikkje hava gjort, og han var aatvara. 'Syft meg hit og syft meg dit so syftar eg i dag', svara han. Daa for klyv og hest og alt ihop utfyre og luks aat vatnet. Etter den dag vart det heitande Syftesokberget. Det ligg ved Staaldalsvatnet her i Hjartdal.”
- 15 EU 17036 (Västergötland). I Dalarna var Lucia „en farlig varelse i rovfågelskepnad, som ville äta upp barnen” (Forsslund 1925, 168).
- 16 Sjå Bergstrand 1935, 17 ff og 1960, 62. Mest slik tradisjon er der frå Västergötland, der lussegubben i fleire oppskrifter har same funksjon som kvernknurren i norsk tradisjon.
- 17 Bergstrand 1960, 62. Denne delen av den svenske tradisjonen synest å ha vore mykje

- utviska då den var oppskreven og det er ikkje lett å greia ut trådane. Men det synest som om tradisjonen har vore mindre avhengig av kalendernamnet enn av annan tradisjon knytt til dagen.
- 18 Informanten gav ei rasjonalistisk forklaring på denne tradisjonen: „Kona som fortalte dette, mente at natta var så lang for dyra, fordi folka på gården smakte på julebrennevinet den dagen og glømt å gi dyra mat til kvelds.” (Rømskog) Hult 1937, 100.
 - 19 Albert Eskeröd (1953, 198) kallar det t.d. „en kvadröjande lård tradition”, sjå elles Celander 1936 a, 53.
 - 20 Sjå t.d. materialet som er lagt fram i Lid 1934, 122 f og 129.
 - 21 Opedal 1937, 40; Flatin 1922, 27; Flatin 1930, 77.
 - 22 Sjå t.d. Haukenæs 1905, 52; Lid 1928, 62, Storaker 1921, 119 og 157.
 - 23 Albert Eskeröd skriv (1953, 200) at Lucia som leiar for lussiferda er „en tradition som är ganska välkänd även i norska bygder, gränsande till Värmland och Dalsland”. Dette er truleg eit mistak, for einaste positive opplysninga derifrå er eit notat frå Våler: „Om lussinatta og Lussiferd kan ein høyra tale” (NL 31 H. Skirbekk).
 - 24 Celander kallar dette „tydligt sekundära motiv” (1936 a, 99, jfr. 1936 b, 79; Liungman 1944, 95 og Boberg 1951, 67 f).
 - 25 Ingen Kari (Katharina) er knytt til 10. juli. På sørskandinavisk område høyrer denne tradisjonen til 20. juli, Margaretha, sjå t.d. bilete or biletalmanakk frå førstninga av 1700-talet frå Skåne i Svensson 1945, 29.
 - 26 Satori 1936–37 sp. 763; Celander 1928, 52 ff; Bergstrand 1943; Nilsson 1938, 23 f; Feilberg 1904 I, 106, 108 ff.
 - 27 Bergstrand (1943) har gjort grundig greie for den svenske tradisjonen. Den vert difor ikkje teken opp til drøfting her.
 - 28 Born og folk det var lite med kunne sjølv sagt ta denne skjemten alvorleg og bokstaveleg, og det var det også meininga at dei skulle. Lettrune folk vart gjerne narra: „En tjenestegut i *Borre*, *Ola Fukla*, som var litet begavet og der for ofte blev holdt gjøn med av de andre, hadde et aar skyndt sig med juleveden, forat ikke Tommes skulde komme paa stabben og økseskaftet. Smed Gannestad la merke til dette og spurte gutten om han følte sig tryk nu. 'Aa jo', svarte gutten; 'men jeg totte naa det var bedst lel aa gjemme væk øksa, saa itte'n Tommes finner'a.' 'Ja, det var nok det greieste det au, men gjem a vel, for Tommes er en lur fant', mente smeden. Samme dag fandt smeden øksen og klinte skaftet til med lit gjær efter julebrygningen; og koldt som det var, frøs gjæren godt fast. Da *Ola Fukla* efter helgen skulde til med hugningen igjen; var det første han gjorde at se vel efter om Tommes hadde været der. Jo, ganske rigtig, økseskaftet bar tydelig merke efter besøket. *Ola* til smeden for at syne den frem. 'Trur du itte *Svinemanden* har finni a, da?' sa han, 'og det værste er at det sitter saa lidellig fast au, at det itte er råd til aa faa det ta skaftet'. 'Du faar komme hit til varmen aa prøve paa aa tine det op', sa smeden. Da *Ola* hadde holdt skaftet bort til varmen en stund, tok han det op til næsen og luktet paa det. 'Ja, er det itte sandt at'n gaar og smaker paa øltonnæne da; det lukta jamen øl ta skaftet!'" (NFS K. Bugge 7.93 f).
 - 29 Om þorlákr sjå Daae 1879, 207 ff og Bull 1912, 200 ff.

Forkortinger i tekst og litteraturliste

EFA	=Etno-folkloristisk arkiv ved Etno-folkloristisk institutt, Universitet i Bergen
EU	=Etnologiska undersökningen, Nordiska museet, Stockholm
FoF	=Folkminnen och Folktankar
HA	=Hammarstedtska arkivet, Nordiska museet
NFL	=Norsk Folkeminnelags skrifter
NFS	=Manuskript i Norsk Folkeminnesamling, Oslo
NGL	=Norges gamle Love 1 ff. Kra. 1846 ff.
NL 31	=Svar på Nils Lids spørjelite om jule-skikkar 1931. Norsk Folkeminnesamling
NO	=Norsk Ordbok, Universitetet i Oslo
Oos 140	=Svar på spørjelite Ord og sed 140

Litteratur

- Alver, Brynjulf*, 1970, Dag og merke. Oslo.
Beckman, Nils, 1934, Isländsk och medeltida skandinavisk tideräkning. (Nordisk Kultur 21). Sth.–Oslo–Kbh.
Bentz, Richard, 1955, Die Legenda aurea des Jacobus de Voragine aus dem Lateinischen übersetzt von ——. Heidelberg.
Berge, Rikard, 1904, Norsk Visefugg. Kra.

- Bergstrand, Carl-Martin*, 1935, Lucia i Väster-götland. (FoF 22).
- , 1936, Gamla slaktseder i Västergötland. (FoF 23).
- , 1943, Tomas i Västergötland. (FoF 30).
- , 1944, Våra gamla berättar. Folkminnen från Västverige. Göteborg.
- , 1949, Hallandssånger. Göteborg.
- , 1960, Gammalt från Kind 2. Säfte.
- Boberg, Inger M.*, 1951, Lussegubben. (Danske Studier 46).
- Bull, Edvard*, 1912, Folk og kirke i middelalderen. Studier til Norges historie. Kra. og Kbh.
- Celander, Hilding*, 1928, Nordisk jul 1. Sth.
- , 1936 a, När firade våra förfäder jul? (FoF 23).
- , 1936 b, Lucia och Lussebrud i Värmland och angränsande landskap. (Svenska kulturbilder. Ny följd. 3:5). Sth.
- , 1939, Några Odensånger i motivhistorisk belysning. (FoF 26).
- , 1965, Lucia. (Kulturhistorisk leksikon för nordisk middelalder 10). Oslo–Kbh.–Sth.
- Delgobe, Harald*, 1919, Tollak med lagabytto. (Maal og Minne 11).
- Diplomatarium Norvegicum* 1 og 5. Chra.
- Daae, Ludvig*, 1879, Norges helgener. Chra.
- Eidnes, Hans*, 1946, Tru og tradisjon. Gamalt frå Hålogaland. Trondheim.
- Ernvik, Arvid*, 1966, Folkminnen från Glaskogen 1. Lund.
- Eskeröd, Albert*, 1953, Årets fester. Sth.
- Feilberg, H. F.*, 1904, Jul 1–2. Kbh.
- de Fine, Bendix Christian*, 1952, Stavanger Ampes utførlige Beskrivelse. Utg. av P. Thorsen. Stavanger.
- Flatin, Tov*, 1922, Gamalt fraa Numedal. Drammen.
- Flatin, Kjetil*, 1930, Tussar og trolldom. (NFL 21). Oslo.
- Forsslund, Karl Erik*, 1925, Med Dalälven från källorna till havet 2:3. Sth.
- Foss, Ragnhild*, 1949, Sekvensane i Missale Nidrosiene. På norsk ved – – – Oslo.
- Gad, Tue*, 1961, Legenden i dansk middelalder. Kbh.
- Gjerlow, Lilli*, 1962, Imbredagene. (Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder 7). Oslo–Kbh.–Sth.
- Hammarstedt, Edvard*, 1900, Lussi (Meddelanden från Nordiska museet 1898).
- Haukenæs, Th. S.*, 1885, Natur, Folkeliv og Folketro i Hardanger. Tredje Del: Ulvik. Hardanger.
- , 1904, Voss og Vosseerne. Natur, Folkeliv og Folketro. Chicago.
- , 1905, Norsk Sagnskat. Bergen.
- Hult, Ruth*, 1937, Østfoldminne. (NFL 39). Oslo.
- Hveding, Johan*, 1935, Folkeliv og folketro på Hålogaland. (NFL 33). Oslo.
- Janzén, Assar*, 1948, De fornvästnordiska personnamnen. (Nordisk Kultur 7). Sth.–Oslo–Kbh.
- Jensson, Christen*, 1646, Den Norske Dictionarium Eller Glosebog. Kjøbenhaffn (faksimile-utg. Bergen 1946).
- Kalén, Johan*, 1927, Halländska folkminnen. Halmstad.
- Kretzenbacher, Leopold*, 1959, Sancta Lucia und die Lutzelfrau. München.
- Leem* 1923, Professor Knud Leems Maalsamlinger fraa 1740-aari. Utg. for Kjeldeskriftfondet ved T. Hannaas. Kra.
- Lid, Nils*, 1928, Joleband og vegetasjonsguddom. Oslo.
- , 1934, Den serlege folkelege tidsrekningi i Norge. (Nordisk Kultur 21). Sth.–Oslo–Kbh.
- Liungman, Waldemar*, 1944, Luciafirandet och dess ursprung. Lund.
- Lunde, Peder*, 1924, Kynnehuset. Vestegdske folkeminne. (NFL 6). Oslo.
- Løwold, Oluf A.*, 1895, Fra Dalene. Gammelt og Nyt. Stavanger.
- Magnussen, Finn*, 1836, Om indenlandske Helgeners Skrinlæggelse og Dyrkelse i Middelalderen blandt Nordboerne. (Nordisk Tidsskrift for Oldkyndighed 3).
- Mauland, Torkell*, 1928, Folkeminne fraa Rogaland 1. (NFL 17). Oslo.
- Mc Lennan, Katharine*, 1938, Lussi. Untersuchungen eines schwedischen Mittwinterbrauches. Heidelberg.
- Moe, Molte*, 1925, Folkeminne frå Bøherad. (NFL 9). Oslo.
- Motland, Wilhelm*, 1926, Segn og saga frå Dirdal. (Rogaland Historielag 12).
- Munch, P. A.*, 1848 og 1859, Om vore Forfædres ældste Tidsregning, Primstaven og Mærkedagene. (Norsk Folke-Kalender).
- Mørch, Andreas*, 1932, Frå gamle dagar. Folke-minne frå Sigdal og Eggedal. (NFL 27). Oslo.
- Nikander, Gabriel*, 1911, Jul och nyår på Åland. (Svenska Landsmål och Svenskt Folkliv).
- Nilsson, Martin P:n*, 1938, Julen. (Nordisk Kultur 22). Sth.–Oslo–Kbh.
- Nilsson, Ragnar og Carl-Martin Bergstrand*, 1955, Folketro och folksed på Värmlandsnäs 2. Säfte.
- Nordbø, Olav*, 1921, Aa jaagaa Taamaas. (Norsk Folkekultur 7).
- Norden*. Et maanedsskrift 4. 1867.

- Olafsen, Olaf*, 1915, Gamle Mands- og Kvinde-
navn i Hardanger. (Maal og Minne 7).
- Olsson, Helmer*, 1945, Folkliv og folkdikt i Vätt-
le härade under 1800-talet. Uppsala.
- Opedal, Halldor O.*, 1934 og 1937, Makter og
menneske. Folkeminne ifrå Hardanger 2-3.
(NFL 32 og 38). Oslo.
- Pontoppidan, Erich*, 1753, Det første Forsøg paa
Norges Naturlige Historie, etc. 2. Kbh.
- Rehnberg, Mats*, 1950, Lucia. (Stockholms Stifts
julbok).
- Salveson, Aamund*, 1924, Folkeminne. Stavang-
er.
- Satori, Paul*, 1936-37, Thomas, hl. (Handwörter-
buch des Deutschen Aberglaubens 8). Berlin
und Leipzig.
- Schulenburg, Wilibald von*, 1882, Wendisches
Volkstum und Sage, Brauch und Sitte. Berlin.
- Simonsuuri, Lauri*, 1961, Typen- und Motivver-
zeichnis der finnischen mythischen Sagen. (FF
Communications 182). Helsinki.
- Skar, Johannes*, 1908, Gamalt or Sætesdal 3.
Kra.
- Sköld, Per Edvin*, 1917, Blekingesägnar. Malmö.
- Storaker, Joh. Th.*, 1921, Tiden i den norske Fol-
ketetro. (NFL 2). Kra.
- , 1941, Sagn og Gaader. (NFL 47). Oslo.
- Storm, Gustav*, 1892, Om Amund Sigurdssøn
Bolt og Urolighederne i det sydlige Norge.
(Historisk Tidsskrift 3:2).
- Strompdal, Knut*, 1929, Gamalt frå Helgeland.
(NFL 19). Oslo.
- Støylen, Bernt*, 1899, Norske barnerim og leikar
med tonar. Kra.
- Svensson, Sigfrid*, 1945, Bondens år. Sth.
- Sydow, Carl Wilhelm von*, 1931, Om folkets säg-
ner. (Nordisk Kultur 9). Sth.-Oslo-Kbh.
- , 1934, Kategorien der Prosa-Volksdichtung.
(Volkskundliche Gaben John Meier darge-
bracht). Berlin und Leipzig.
- Unger, C. R. ed.*, 1877, Heilagra Manna Sögur.
Fortællinger og Legender om hellige Mænd
og Kvinder. Efter gamle Haandskrifter.
(Universitetsprogram for første Semester
1877). Chra.
- Weiser-Aall, Lily*, 1954, Julenissen og julegeita i
Norge. (Småskrifter fra Norsk Etnologisk
Gransking 4). Oslo.
- Wille, Hans Jacob*, 1786, Beskrivelse over Sille-
jord Præstegjeld i Øvre-Tellemarken i Norge,
tilligemed et geografisk Chart over samme.
Kbh.
- Wimmer, Otto*, 1959, Handbuch der Namen und
Heiligen (2. Aufl.). Innsbruck.

Summary

Lucia, Thomas and "Tollak" in Scandinavian calendar lore

In Norway we have two names for December 13: "mongsmøss" and "lussi". These hark back to St Magnus Orknøjarl and St Lucia. The name of "mongsmøss" is nearly gone from tradition, surely because Lucia is the name for the day in the printed almanacs.

As in many other parts of Europe, working is prohibited in Norway in "lussinatta" (the night of "Lussi"). In the south-western part of Norway we find a supernormal being, "Lussi", who controls the work prohibition, and a number of legends tell how she punishes those who transgress.

"Lussinatta" is in Norwegian tradition said to be the longest night of the year. Throughout the country it is told that the animals can speak that night. In stereotyped dities they characterise the night as being as long as two. Much

of tradition of this day coincide with the tradition of the winter solstice. This applies also the prohibition of certain tasks, which both days primarily concern work implying that something goes round, such as baking, spinning, brewing, and the like. Frequently we also come across the idea that "lussinatta" is winter solstice, something which may have a learned calendar background.

On the other hand we have a rich tradition which tells that "lussinatta" is the beginning of the Christmas festival, and we meet proscriptions and prescriptions which can have nothing to do with "Lussi" as a supernormal being, nor with the winter solstice. Two circumstances far back in time may lie behind this:

One is that the Christmas fast during the Catholic period began on the day of Lucia,

and "imbredagene" (the ember days) before Christmas were thus Wednesday, Friday and Saturday after the day of Lucia. These ember days have had a rich and varied tradition which has survived to our days, and has without doubt contributed to giving December 13 such a dominating position.

But it cannot be denied that it is quite an interesting thought to go even farther back to pre-Christian days and point out that it appears as if the Norse calendar has operated with two Christmas months and that the difference between them fell on December 12-13.

In Southern Norway, "Lussi" is the dominating figure in the group of supernatural beings prowling the countryside: Christmas hogs, Christmas goats, "oskorei", "julerei" and whatever else they may be called. But it is characteristic that "Lussi" in this role has no independent tradition or primary tradition such as we meet her in legends and dities as controller that the work prohibition of circular tasks is obeyed. She becomes just another name for a being which already exists and enters this group of supernatural beings only because of the personification of the name for the day in the almanac. She is certainly not very old in this tradition.

In Sweden we sometimes meet a linguistic association between Lucifer (the devil) and "lussifård" (Lucia's host). But in spite of great similarity in the pronunciation of the two words, the Norwegian tradition is too weak to make a connection between the two.

In the south-western part of Norway we have some scattered references that in the old days people used to dress up as "Lussi". The tradition is almost extinct in Norway and has

survived far better in several places in Sweden. Doubtless we have here Nordic versions of continental customs involving dressed-up and masked crowds of people wandering about at Yuletide.

As in other parts of Europe, the supernatural being "Lussi" must in Norway have its name from the calendar day. Such personifications of name-days in the almanac are very common, often combined with calendar dities on the weather or working life.

Nearer Christmas we have two other calendar Christmas figures who have attracted much less attention: "Tomas" and "Tollak". The former is a personification of the name in the almanac on December 21, St Thomas, the latter of the day-name on December 23: Thorlak from Skálholt, Iceland.

As a calendar figure "Tomas" has a European distribution. Throughout Southern Norway he is included in metaphors and dities associated with the beer brewing. In Telemark and in Vestfold he is particularly associated with the hewing of the Yulelogs.

"Tollak", however, is exclusively Norwegian, and is known from Rogaland to Nordland. He too is associated with beer and brewing. In the metaphor he is known as "Tollak med logbøtten" (Tollak with the brewing vessel) and is the marking day for drawing beer in barrels. But he may also be the bogey of children and appears in pedagogical dities as "Tollak spole".

The calendar tradition referred to here mostly belongs to an older period. But the phenomenon of personification of the name for the day or of words with a double meaning we may find as a current process also in our days.

*Brynjulf Alver, M. A.
Docent of Folkloristics and
Regional Ethnology, University
of Bergen, Norway*